

## BILREBUS 17. MAI 2020

På kvar plass finn du ein bokstav. Desse skal til saman bli eit løysingsord. Du behøver ikkje gå ut av bilen og du vil ikkje møte folk på posten. Heile ruta er ca. 60 km, men du behøver ikkje køyre alt på ein gong eller i rekkefølge. På grunn av kontrollrutinar i løpet må du nytta same køyretøyet. Innleveringsfrist klubbhuset til Tonstad IL klokka 18.00. Idrettslaget trekkjer to gåvekort à 500 kroner, eventuelle bøter er det politiet som skriv ut.


1. Først skal vi til ein stad der nokre av verdas beste skiskyttarar har budd. Kanskje kan vi få fleire? Skilt på parkeringsplass.
2. Her har det vore arrangert NM heile 7 gonger mellom 2001 og 2017. Skilt på parkeringsplass.
3. Eit fall på 67 meter frå Nespervatn blir utnytta her. Om lag 900 hus får straum frå denne bygningen. Agder Energi er eigar. På vegg.
4. No skal vi til ei bygd som har ordførar i Sandnes. Kanskje var Sigurd Jarlsson, son av Erling Skakke, gjennom her i 1194 på veg mot Vinje etter tap i krigen mot kong Sverre? Vi skal snu der du møter namnet til ordførar i Sirdal, men han er ikkje her i frå. Skilt i kryss.
5. På veg tilbake kan du køyre innom rasteplassen ved Sjursvatn. På 60 talet ville Norsk jern og metallarbeiderforbund byggje eit rekreasjons og feriesenter her. Skilt på benk.

Når du passerer «Point Love» kan du tute, kanskje det gir ekstrapoeng i konkurransen.

6. Neste stopp er ein bygning innvigd i 1852 med tårn i vest og rett kor. På stolpe.
7. Vi skal deretter forbi hytta til deltakar i Melodi Gran Prix 1994. Har gitt ut 7 plater og er mykje spelt på P1. Etternamn til ein kjend politikar og motstandsmann. På gjerde.
8. Selskapet vart stifta 4. oktober 1963, men Johan Baade-Mathiesen var allereie tilsett i 1957. Men det var ikkje gitt at dette bygget skulle kome her. Brakker var foreslått og Oslo, Kristiansand og Stavanger kunne vere hovudsete, men Tonstad vart valt. På ladestasjon.



9. Neste stopp er ei bygd med spennande segner og historie. Med funn av gullringar frå folkevandringstida (400-600 e.kr), Hyrmenner, sølv og gullskatt og stort kjer frå rundt 1100 talet. Ved badeplass.



10. Vi skal til bygda i førre oppgåve sitt gamle hestebeite. Men det er ikkje den vegen du skulle tru først. Vi skal nemleg til ei grend med båthamn som må ha vore viktig i forhold til ferdsel i uminnelege tider. På stolpe.



11. Siste stopp er forbi huset til ein tidlegare ordførar i Tonstad herred. «Han bekledte etterhvert nesten alle de tillitsverv som finnes innen kommunen» Du køyrer inn vegen med hans namn. På stolpe



---

Hint: Noko du får når du finn rett løysingsord.

\_\_\_\_\_

Namn på deltakarar:

Telefonnummer til sjåfør:

Reg nummer: